



Klara Døssland ( 102 år ) var saman med døtrene sine Astrid og Marie på haustfest i ungdomslaget.

**Hautfesten var historisk. I Uskedal Ungdomslag si 131 år lange soge har det aldri vore ein person på 102 år på ein fest, slik vi opplevde på laurdag. Klara Døssland, 102 år tysdag 15. oktober, melde seg på og kom saman med døtrene Astrid og Kirsten på haustfesten i Helgheim. Ikkje nok med at ho var på programmet og maten. Klara var like godt med på dansen fram mot midnatt.**

Klara Døssland er som sagt fødd 15. oktober 1917. Ho var ein aktiv medlem i ungdomslaget i tida før og etter krigen. Ungdomslaget hadde gode arbeidsår fram mot 1940. Det var i denne tida det nye Helgheim kom til. Det vart halde leikskeid og Daltrekk var alltid eit fast innslag på lagsmøta og festane.

Klara fortel levande frå spelstykkja på scenen. Særleg lika ho samspel med Bjarne L. Rød ( Monsa Bjarne ). Ho fekk mellom anna spela den kvinnlege hovudrolla i Det rosemåla skrinet. Krigsutbrotet hindra dei i å koma til Bergen i Ervingen med spelstykkje. I eit artig Skotårs - rim frå 1948 er Klara saman med mange uskedelingar omskriven.

Klara Døssland er fødd og vaks opp på Fet i Uskedalen. Ho har i heile sitt vaksne liv budd på Døssland, drive gardsarbeid og vore nær nabo med idrettsbanen Heio.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Astrid Hauge